

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
029/2018	Kommunestyret i Radøy	PS	21.06.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Jarle Landås	14/1625	18/9822

### Sambandet Vest AS - oppløysing av selskapet

#### Saksopplysingar:

##### Bakgrunn

På generalforsamlinga i Sambandet Vest AS 28. juni kjem styret i selskapet til å leggja fram eit forslag om å oppløysa selskapet. Bakgrunnen for forslaget er at styret finn det meir formålstenleg å gjennomføra selskapet sine mål gjennom eit interkommunalt samarbeid, med medverknad frå næringslivet.

Både styret og eigarane har kome til at det beste for prosjektet Sambandet Vest/Tverrsandet vil vera å endra organisasjonsform. I grunngjevinga vert det vist til utviklinga på eigarsida, endra organisering av bompengeselskapet, og ei fornya vurdering av korleis tverrsamband-prosjektet kan fremjast meir effektivt.

Det har vore ei utfordring å ha eit aksjeselskap med både offentlege og private eigarar, mellom anna på grunn av styringsstruktur og oppfølging av vedtak. I tillegg har dette vore eit selskap utan inntekter, som må tilførast driftskapital årleg frå eigarane.

Styret i Sambandet Vest AS gjer framlegg om at generalforsamlinga veljer eit avviklingsstyre, i form av eit einestyre. Som avviklingsstyre vert det gjort framlegg på sitjande styreleiar, Kathrine Vollevik Knudsen.

Det vert lagt opp til å avvikla Sambandet Vest AS i løpet av 2018. Prosjektet Sambandet Vest vil leva vidare. Eigarane og styret legg i si tilråding opp til at det vert valt 1 politisk representant for kvar av dei no samarbeidande kommunane; Askøy, Austrheim, Lindås, Meland og Radøy. Desse vil utgjera ei styringsgruppe, som kan etablera arbeidsgrupper og referansegrupper etter behov i prosessen. Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune har sagt at dei kan halda fram som no, som representantar i gruppa – med observatørstatus.

Meland kommune vil ta på seg ei koordinerande rolle i den vidare prosessen, der neste steg er å utarbeida ein sliingsrapport med utkast til eit planprogram for ein kommunedelplan. For arbeidet som Meland gjer er det estimert ca kr 20.000 per kommune årleg. For 2018 utgjer dette kr 10.000 for Radøy kommune (6 mnd).

#### **Før generalforsamling 28.06 blir det bede om at eigarane gjer følgjande vedtak:**

1. Radøy kommune støttar avvikling av aksjeselskapet Sambandet Vest AS.
2. Prosjektet Sambandet Vest blir organisert vidare som eit samarbeid mellom kommunane Askøy, Austrheim, Lindås, Meland og Radøy. Det blir valt 1 politisk representant frå kvar kommune som utgjer styringsgruppa. Denne styringsgruppa kan etablera arbeidsgrupper og referansegrupper etter

behov. Meland kommune tar administrasjonen av prosjektet vidare i ein 10% stilling. Kostnad blir dekket med 1/5 frå kvar av kommunene. For 2018 utgjør det kr 10.000,-.

### **Konklusjon**

Rådmannen støttar dei vurderingar som er gjort rundt utfordringane med å ha eit aksjeselskap som organisasjonsform for eit slikt prosjekt. Rådmannen rår til at Radøy kommune støttar ei avvikling av aksjeselskapet Sambandet AS.

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Radøy kommune støttar avvikling av aksjeselskapet Sambandet Vest AS.
2. Prosjektet Sambandet Vest blir organisert vidare som eit samarbeid mellom kommunane Askøy, Austrheim, Lindås, Meland og Radøy. Det blir valt 1 politisk representant frå kvar kommune som utgjør styringsgruppa. Denne styringsgruppa kan etablere arbeidsgrupper og referansegrupper etter behov. Meland kommune tar administrasjonen av prosjektet vidare i ein 10% stilling. Kostnad blir dekket med 1/5 frå kvar av kommunene. For 2018 utgjør dette kr 10.000,-.
3. Politisk representant til styringsgruppa for Radøy kommune er.....
4. Rådmannen kjem attende til inndekning i samband med budsjettregulering til hausten.

### **Kommunestyret i Radøy - 029/2018**

#### **KS - handsaming:**

Ordføraren opplyste at denne saka av tidsmyn går direkte til kommunestyret utan handsaming i formannskapet først.

David Pletten Aasgard (KrF) sette fram forslag om at Kenneth Taule Murberg (H) vert Radøy kommune sin politiske representant til styringsgruppa.

Ordførar Jon Askeland sette fram forslag på John Magne Bauge (H) som vararepresentant.

Kommunestyret vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak, med dei tilleggsframlegga som vart sett fram i møtet.

#### **KS - vedtak:**

1. Radøy kommune støttar avvikling av aksjeselskapet Sambandet Vest AS.
2. Prosjektet Sambandet Vest blir organisert vidare som eit samarbeid mellom kommunane Askøy, Austrheim, Lindås, Meland og Radøy. Det blir valt 1 politisk representant frå kvar kommune som utgjør styringsgruppa. Denne styringsgruppa kan etablere arbeidsgrupper og referansegrupper etter behov. Meland kommune tar administrasjonen av prosjektet vidare i ein 10% stilling. Kostnad blir dekket med 1/5 frå kvar av kommunene. For 2018 utgjør dette kr 10.000,-.
3. Politisk representant til styringsgruppa for Radøy kommune er Kenneth Taule Murberg, med John M. Bauge som vararepresentant.
4. Rådmannen kjem attende til inndekning i samband med budsjettregulering til hausten.

**Vedlegg:**

Sambandet Vest\_brev til eigarane før generalforsamling

Sambandet Vest innkalling GF 2018

Sambandet Vest \_ referat eigarmøte i Sambandet Vest AS 09.04.2018

Sambandet Vest \_ referat fra styremøte nr. 2- 2018 (2)